

Vestland fylkeskommune
Odd Atle Mjelstad
Byggeleiar bruvedlikehald

Infrastruktur og veg
Vedlikehald Nord

Dato	26.06.2023
Vår referanse	2023/66148-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Sveinung Klyve
E-post	Sveinung.Klyve@vlfk.no
Telefon	95987501

Uttale til fylkesveg 5442 S2D1 m5640 Kleivhølen bru-Utfylling av masser i elv

Fylkeskommunen skal i gang med brubyte på Fylkesveg 5442 S2D1M5640 Kleivhølen ved Stordalsvatnet i Masfjorden. Dei ynsker å fylle ut massar ved sida av eksisterande bru for å etablere midlertidig køyreveg for biler inntil 3.5 tonn. Det vil bli lagt ut duk i botn og røyr der elveløpet går. Det vert fylt masser over for å etablere ein midlertidig køyreveg og ein beheld vassvegen open. Fyllmassar vil verta fjerna og terreng tilbakeført til opprinneleg når ny bru er på plass. Oppstart arbeider den 07.08.2023. Ferdig etablert midlertidig veg 21.08.2023. Grunneigarar er kontakta og er samd med tiltaket med midlertidig veg.

NVE har i sin uttale sagt at dei vurderer planen for tiltaket som god og krev ingen ytterlegare handsaming frå dei. Dei kjem likevel med ei generell rettleiing om reglar som gjeld for slike tiltak i vassdrag.

Fylkeskommunen si vurdering:

Prosjektleiar fortel at det ikkje er årsikker vassføring under brua og at det som oftast er tørt grunna kraftregulering i Stordalsvatnet. Dei skal støypa med betong i elva for å laga brufeste og det vil verta utført med hurtigtørkande betong utan søl i elva.

Me vurderer at slik planen er lagt fram, er det ikkje naudsynt med handsaming etter «Forskrift om fysiske inngrep i vassdrag».

Med helsing

John Anton Gladsø
seniorrådgjevar
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Sveinung Klyve
seniorrådgjevar
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND AVD
LEIKANGER

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

MASFJORDEN KOMMUNE

Austfjordvegen
2724

5981 MASFJORDNES